



Til: Verner Larsen
Arne Runar Vik
Frå: Rune Urke
Kopi:

Sak: Økonomiplan 2019 - 2022

<i>Saksnr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Dato</i>
2018/1645	8141/2019	14.05.2019

Sal av eigedomar i Ulstein Kommune

NOTAT OM SAL AV EIGEDOMAR OG STYRKING AV KOMMUNEN SITT KAPITALFOND.

I økonomiplanen for 2019 -2022 er det eit verbalpunkt om sal av eigedomar for å nedbetale lån, samt styrke kommunen sitt kapitalfond. Vi vil i det fylgjande forsøke å utgreie dette nærmare.

Generelt så er dei aller fleste eigedomar i kommunen plassert i UEKF. UEKF er ein del av Ulstein Kommune og inngår i kommunen sitt konsernrekneskap. Reint teknisk har UEKF overteke kommunen sine eigedomar og samstundes overteke gjelda på dei same eigedomane. I den seinare tid er det bygd mange nye bygg og gjelda for desse er også lagt til UEKF.

Dersom ein eigedom blir seld så vil gevinsten ved dette oppstå i UEKF, og «gevinsten» vil vanlegvis bli førd som investeringsfond i eigedomsselskapet. I prinsippet er det ingenting i vegen for at investeringsfond kan overførast frå UEKF til morselskapet

Økonomiplanen til UEKF er fullt ut integrert i Ulstein Kommune sin økonomiplan.

Eigedomsselskapet «eig» eigedomane (og gjelda) og leiger ut til Ulstein Kommune. For eigedomsselskapet blir det derfor konsekvensar både på drift og balanse dersom eit bygg blir seld. Dersom ein aktivitet blir lagd ned og bygget seld, så taper UEKF på leigeinntekt men tener på redusert drift. Salssummen bør brukast til å fjerne eksisterande gjeld på eigedomen.

For å sjå nærmare på spørsmålet om sal av eigedomar vil vi handsame dette innafor dei ulike kategoriane av eigedomar:

KOMMUNALE ADMINISTRASJONSBYGG:

Reiten: Dette bygget er fullt utleigd til kommunal aktivitet. Bygget hadde ein totalkostnad for 9 år sidan på om lag 75 mill kroner. Dersom heile eller deler av bygget skal seljast så må aktiviteten som er i bygget anten overførast til annan plass, eller aktiviteten leggjast ned. Vi er i dag ikkje kjent med at nokon har interesse i å kjøpe eigedomen. Derfor ser vi ikkje at dette er eit mogleg objekt for sal med det første.

Rådhuset: Rådhuset er eit gammalt og solid bygg som er over 50 år gammalt. Bygget er vurdert som objekt for rehabilitering. Konklusjonen er at dette er uaktuelt på grunn av at mange betongveggar gjev liten fleksibilitet, og bygget har liten restverdi om det blir tømnd.

«Bakargarden» ved sida av Rådhuset vart i si tid kjøpt for å få eigarskap over heile rådhuskvartalet. Dette gjer at denne tomte har eit stort potensial for framtidig utnytting. Det



kan vere aktuelt å selje rådhuskvartalet til ein utbygger. Men då må Rådhuset tømast for aktivitet, og rådhusfunksjonen må etablerast på annan plass. Salssummen kan brukast til eigenkapital for å kjøpe nytt Rådhus, eller ein kan leige areal til Rådhus, og bruke salssummen til å betale ned gjeld. (Takst om lag 25 mill kroner for heile kvatalet)

KOMMUNALE GJENNOMGANGSBUSTADAR:

Kommunen har 96 bustadar som kommunen eig sjølv, og 9 bustadar som vi leiger av private og framleiger til personar som har problem med å greie seg på bustadmarknaden. Her er vi heile tida på jakt etter å finne personar som kan klare å finansiere kjøp av eigen bustad. Dette tek tid sidan det er tøffe krav til eigenkapital for den som skal finansiere bustad. Heilt realistisk så bør ein klare å selje kommunale bustadar for om lag 2-3 mill kroner pr år i gjennomsnitt. Ved å selje gamle hus og kjøpe/bygge nye, så får ein høgare standard og lågare driftskostnader. Men det er også realistisk å tru at mange av våre leigetakarar aldri vil kunne verte i stand til å vere huseigar.

OMSORGSBUSTADAR OG SJUKEHEIMEN:

Vi har i dag 2 omsorgsbasar: Alvehaugen og Ulshaugen. Alvehaugen er ein stor eigedom med høg verdi og låg gjeld. Eit sal av denne eigedomen vil derfor kunne gje ein stor gevinst. Bygningsmassen på Alvehaugen er av lett konstruksjon og dersom vi ser 10 til 15 år fram i tid, så vil det vere eit stort behov for rehabilitering. Derfor er det grunn til å spørje om det vil vere klokt å tenke at denne eigedomen kan seljast til private. Også på kort sikt kan dette vere mogleg. Men då må ein selje for så å leige tilbake til kommunen. Men dette må i så fall vere ein kortsiktig strategi. Den langsiktige strategien kan vere å samle heile omsorgsetaten i Ulshaugområdet. Ulstein Kommune eig eit stort areal frå gamle helsestasjonen og oppover mot 60+. Kommunen eig dei 2 bustadane bak gamle helsestasjon samt Skollebakken. Vidare er det mange gamle bygg på Ulshaug som det før eller seinare må gjerast noko med. Ved å bygge nye og effektive areal her, kan ein flytte aktiviteten på Alvehaugen til Ulshaugområdet og ned mot Bjørndalsvegen. Dette vil kunne vere eit stort pluss i høve til sentrumsutvikling og lett tilgang til sentrum for brukarane. Investering i omsorgsbustadar får dessutan 45% tilskot frå Husbanken. Med stor vinst frå salet av Alvehaugen så kan ein om 10 – 15 år kanskje sleppe å totalrenovere Alvehaugen, og samstundes få nye tenlege lokale i sentrum.

KOMMUNALE SKULEBYGG:

Vi har i dag aktivitet i skulebygga på: Haddal, Hasund, Ulstein, Ulsteinvik Barneskule og Ulstein Ungdomsskule. Sidan det er vedteke at skulestrukturen ikkje skal endrast med det første så er det ikkje aktuelt å selje nokon av desse bygga.

Skulebygga på Eiksund, Dimna og Flø har vi arbeida med å selje i 10 år, men har ikkje lukkast med å kome i mål med dette. Men det er klart at det er ingen salsgevinstar å hente ved å overføre desse bygga til grendalaga. Håpet er at ein i det heile klarer å overføre ansvaret for desse bygga til grendalaga.

Sundgotmarka Barnehage: Bygget vart bygd tidleg på 90 talet, og er den einaste kommunale barnehagen. Eigedomane kan seljast til firma som vil lage eit bustadprosjekt. Men då må kommunen vedta avvikling av aktiviteten i dette bygget.

Ulsteinhallen og Høddvoll: For Ulsteinhallen har kommunen ein avtale med fylket som ein neppe kan avslutte.

Høddvoll stadion er eit anlegg som ein ikkje ser kan egne seg for sal sidan der neppe er nokon kjøpar.



BRANNSTASJON:

Dagens brannstasjon er eit av våre dårlegaste bygg. Der er interessentar som vil kjøpe eigedomen.

Det er så mange uavklara spørsmål knytt til kva som skal skje med lokalisering av brannstasjon, at her må ein vente på avklaring.

BJØRNDALS MINNE:

Etter at biblioteket flytta ut av lokala i november 2017 så er det ingen kommunal bruk av bygget lenger. Dessutan så har stiftinga Bjørndals Minne hevda at stiftinga har eigedomsretten til bygget. Taksten på bygget er på 1,5 mill kroner. Då er det eit relevant spørsmål om kommunen skal betale for å få eigedomsretten til denne eigedomen.

BYGG SOM ER UTAN AKTIVITET:

Idrettshallen ved Ulsteinvik Barneskule. Bygget er «mørkt og kaldt» men kan ikkje seljast sidan området er planlagt brukt til ein utvida barneskule.

USAS i Petterbakken: dagsenteret her er flytta til Holvekerdalen. Bygget er no brukt til lager. Bygget ligg innafor det som er skuleområdet. Det må klarleggast kva dette arealet skal brukast til i framtida. Tomta er regulert til offentleg område.

Gamle Helsestasjonen i Bjørndalsvegen: Feiarane har ein 2 års leigeavtale i bygget.

Kommunerevisjonen har kontor i bygget. Elles er bygget brukt til lagerbygg. Arealet inngår i det arealet som er regulert til offentleg formål. Då er det avgrensa kva ein kan forvente å få for bygg og tomt om ein sel til private. Tomta for gamle helsestasjonen og omliggande kommunale areal har eit stort potensial for framtidig utvikling. Bygg og tomt bør ikkje seljast. Barnehagetomta i Ringen: Eigedomsselskapet har dei seinare år arbeida for at denne tomta skal seljast. Ringen 10 brann ned. Dei gamle bygga der det var barnehage i Ringen, er blitt eit «belasta» område. Vi driv derfor med å flytte leigebuarane ut av desse bygga. Tomta er omregulert til konsentrert bustadbygging. Når bygga er tømde for leigetakarar kan eigedomen seljast til ein privat utbygger. Målet er å realisere dette salet i 2019.

KONKLUSJON:

- 1, UEKF må fortsette arbeidet med å selje tomta i Ringen til høgstbydande i 2019.
- 2, UEKF må fortsette med å selje kommunale utleigebustadar så langt det er mogleg.
- 3, Det bør leggast opp til at området på Alvehaugen blir seld på sikt, og at aktiviteten blir overført til nye bygg i Ulshaugområdet.
- 4, Rådhuskvartalet bør vurderast som areal for sal, og rådhusfunksjonane bør etablerast på anna stad

Med helsing

Rune Urke
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Ulstein Eideselskap

**NOTAT**

Til: Verner Larsen

<i>Saksnr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1645	6845/2019	ARV	24.04.2019

AREAL I KOMMUNALT EIGE - POTENSIALE FOR SAL - VERBALPUNKT 4 I ØKONOMIPLANVEDTAK 2019 - 2022

Verbalpunkt nr. 4 i økonomiplanvedtaket 2019 – 2022, sak nr. PS 18/106 i Ulstein kommunestyre, møtedato 13.12.2018 har denne ordlyd:

I arbeidet med nedbetaling av lån og styrking av kommunen sitt kapitalfond, ber Ulstein kommunestyre rådmannen innan juni 2019 om å utarbeide ei oversikt over eigedomar som eventuelt kan leggast ut for sal.

Dagleg leiar i Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) Rune Urke og underteikna har internt avklara følgjande:

1. Rune Urke lagar eit notat der UEKF klargjer overordna status og strategi for utleigebustader, føremålsbygg og bygg til omsorgsetaten
2. Arne Runar Vik lagar eit notat om omfang, status og potensiale for det øvrige arealet som er i kommunalt eige.

Dette notatet omhandlar altså punkt 2 over. Kommunalt eigde vegar, parkeringsplassar, friområde, friluftsområde og liknande areal som ikkje kan seljast av formelle eller praktiske grunnar, er ikkje teke med i utgreiinga.

Tomter i opparbeidde bustadfelt er ikkje tekne med då dei ligg klare for sal med fastsett verdi.

I tabellen under er areal som ev. kan seljast sett opp krinsvis.

Flø:

Nr.	Namn	gnr/bnr	Storleik m ² (ca.)	Verdivurdering	Kommentar
1.	Aust for Flø skule	2/35	2.500	Lav verdi pga. kulturminne og kostnader til veg og VA-anl.	Må avklarast i høve kulturminne, kan ev. seljast til bustadføremål
2.	Restareal ved vegtilkomst Flø hamn nord	2/28	70	Ca. 10.000	Mogeleg tilleggsareal til bustadeigedom

På Ulstein (gnr. 5) er der ikkje areal i kommunalt eige.

Skeide:

Nr.	Namn	gnr/bnr	Storleik m ² (ca.)	Verdivurdering	Kommentar
1	Annan veggrunn	6/21,31	482 For ev. sal 300	Må avvente tomtepris Skeideutb.	Kan omreg. til bustad og seljast som tilleggsareal
2	Annan veggrunn	6/121	1.417 For ev. sal 160	Må avvente tomtepris Skeideutb.	Kan omreg. til bustad og seljast som tilleggsareal
3	Tomt BFS 4 i reg.plan Skeide	6/75	1.400	Må avvente tomtepris Skeideutb.	Rasfare må avklarast/ev. sikringstiltak

Ulsteinvik:

Nr.	Namn	gnr/bnr	Storleik m ² (ca.)	Verdivurdering (stipulert)	Kommentar
1	P-plass Reiten	7/573	1.700	Noverande parkering må flyttast til anna areal. Neppe økonomisk gevinst å hente	Regulert til bustadblokk
2	Grøntareal Saunesosen	25/57	1.000	1 mill.	Regulert til bustad, brukt til park. Arealavklaring i omr.plan for sentrum
3	Holsekerdalen areal regulert til bustadføremål	10/100 m.fl	30.000	ca. 30 mill.	Skal omregulerast
4	Hovsetmarka ved Hovsetkrysset	9/108, 312	1.200	Må flytte vegkrysset vestover	Kostnad til vegomlegging blir om lag tilsvarande salsverdien for tomtegrunn
5	Saunesmarka industri- område	25/362 m.fl.	78.000	15 mill. Delar av arealet er byggeklart	Basert på grov stipulering av infrastrukturkostnad som må trekkjast ifrå

I tillegg er der ein del kommunale areal i området mellom Bjørndalvegen, Holsekervegen og Holsekerdalen (Ulshaugenområdet) som av administrasjonen er vurdert til å vere viktig å halde i kommunalt eige mtp. framtidig sentrums- og tenesteutvikling. Difor er desse areala ikkje tekne med i tabellen.

I området mellom Høddvoll/Ulstein vidaregåande skule og Øvrevegen er der store kommunalt eigde areal – om lag 45 daa. Det er viktig at desse areala er tilgjengelege for vidare utvikling av idrettsanlegget, vidaregåande skule og offentlege formål elles som ein i dag ikkje nødvendigvis har oversikt over. Areala er regulert til offentlege føremål.

Krinsane Hasund og Dimna:

Nr.	Namn	gnr/bnr	Storleik m ² (ca.)	Verdivurdering	Kommentar
1	Parkeringsareal ved Straumane Handel	29/160	Ca. 700	Ca. 80.000	Mogeleg sal av tilleggsareal til Straumane eigedom

I Eiksund (ingen aktuelle areal i Haddal):

Nr.	Namn	gnr/bnr	Storleik m ² (ca.)	Verdivurdering	Kommentar
1	Aust for Eiksund skule	70/84	Ca. 2.300	850.000	Krev omregulering til bustadføremål

Oppsummering:

Av utgreiinga over går det fram at her er ein del areal som kan seljast. Dei store verdiane fins i Saunesmarka og Høsekerdalen. Areal i Saunesmarka industriområde vil bli selt etter kvart som behov melder seg. Areala i Høsekerdalen må avvente nærare arealavklaring. Det er elles avgrensa verdiar i kommunalt eigde areal som har salspotensiale, kanskje inntil 3 mill. kr.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Steinar Nummedal



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling

Samandrag:

Ei arbeidsgruppe har oppdatert klimaplanens handlingsplan med ny status pr. januar 2019, og utarbeidd eit forslag til ny handlingsplan for 2019-2022. I tillegg har gruppa utarbeidd forslag til tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling. Handlingsplanen og tiltaksplanen har vore ute på høyring. Det har kome fleire innspel som arbeidsgruppa har justert planen etter. Planen skal no til endeleg godkjenning i kommunestyret.

Rådmannen si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) slik dei ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.

Vedlegg:

Handlingsplan 2019-2022, klimaplan

Handlingsplan 2011-2014, klimaplan - med statusoppdatering 01.01.2019

Tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling

Oppsummering innspel m kommentar

Saksopplysningar:

Ei arbeidsgruppe, nedsett av planforum i november 2018, fekk i oppgåve å revidere handlingsdelen til klimaplanen for Ulstein kommune, samt å utarbeide eit forslag til ein tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling.

Regjeringa har uttalt at:

«En av de største miljøutfordringene samfunnet står ovenfor er forsøpling av havet, og omfanget øker. Marin forsøpling og spredning av mikroplast i havet har negativ påverknad på marine økosystem, naturmangfold og bærekraftig utvikling. Plastavfall følger havstrømmene, på tvers av landegrenser og er et globalt problem som krev internasjonale løysninger.»

Alle samfunnssektorer har i utgangspunktet et ansvar for å forhindre utslepp av plastavfall fra sine sektorområder. Miljøforvaltninga har et særlig myndighetsansvar for marin forsøpling på alle forvaltningsnivå.»

Miljødirektoratet

Ulstein kommune har eit slikt myndeansvar. Når også Ulstein er ei kystkommune, er det viktig at vi tek denne rolla, er vårt ansvar bevisst og forvaltar våre lokale ressursar med lokale ordningar som hindrar plast- og marin forsøpling.

Arbeidsgruppa er samansett av følgjande personar:

- Kristine Dale, folkehelsekoordinator – leiar for gruppa
- Arild Støylen, ingeniør byggesak/miljøvern
- Einar Heimdal frå SSR

Cecilie Roppen, planleggar, har også vore med på møta som ressurs og for å knyte arbeidet til kommunens øvrige plansystem.

Arbeidsgruppa har gått igjennom handlingsdelen til klimaplanen, og prioritert tiltak basert på kost/nytte-vurderingar med ein realistisk tidsplan og ansvarlege for gjennomføring. Arbeidsgruppa har i tillegg utarbeidd eit forslag til ein eigen tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling. Vedtekne tilsvarande tiltaksplanar frå andre kommunar har blitt nytta som inspirasjon.

Arbeidsgruppa hadde først eit oppstartsmøte i november 2018, og starta deretter arbeidet med å gå gjennom handlingsplanen til klimaplanen for å få oversikt over status for dei ulike tiltaka. Statusfeltet er difor oppdatert, medan resterande kolonnar/tekst står som før. Vi har lagt til ei ny kolonne der vi har vurdert kvart enkelt tiltak som *ikkje prioritert vidare, låg, middels* eller *høg prioritering*. Vidare utarbeidde vi ein ny handlingsplan, der vi la til alle tiltak frå eksisterande plan som vi har gjeve middels eller høg prioritet. I tillegg har vi lagt til nokre føreslåtte nye tiltak i ein eigen tabell til slutt. Arbeidsgruppa ynskjer meir konkrete tiltak enn det som ligg i den gjeldande planen.

I PS sak 19/25, 12.02.2019, vedtok Ulstein formannskap å legge planane ut på høyring. Planane låg ute på høyring i perioden 20.02-03.04.2019 og det kom inn 11 innspel frå privatpersonar, offentlege mynde og interne råd og utval. Innspela med kommentar frå arbeidsgruppa ligg som vedlegg.

Vurderingar og konklusjon:

Fleire nasjonale ordningar, innskjerpingar og lovverk er på gang, men dette er omfattande prosessar som tek tid.

Denne tiltaksplanen vil naturlegvis ha fokus på lokale tiltak basert på dagens ordningar og regelverk, og kan difor i stor grad iverksettast raskt. Intensjonen er at dette skal medverke til at Ulsteinsamfunnet bidrar i arbeidet med å minimere plastavfall på avvege og redusere den globale marine forsøplinga.

Ei utfordring med planar er å gjere dei kjende og lett tilgjengelege for sakshandsamarar og andre aktørar, med føremål å følgje opp dei føreslåtte tiltaka. Dette må difor sikrast ved å spesifisere kven dei ansvarlege for oppfølginga av tiltaka skal vere.

Etter høringsrunden har det kome inn fleire nyttige innspel som arbeidsgruppa har vurdert og delvis tatt til følgje. Mange av innspela gjekk på at kommunen burde rullere heile klimaplanen. Planen er moden for rulling, men dette ligg utanfor mandatet til arbeidsgruppa. Klimaplanen er eit omfattande dokument som krev betydeleg meir ressursar frå administrasjonen. Ei oversikt over endringane av planane er synt under.

Tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling:

- Namnet på planen er endra frå Tiltaksplan mot plast- og marin forureining til tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling.
- Punkt 2 – Organisere krinsvise ryddeorganisasjonar v/frivilligsentralen.
- Punkt 4 – Formidle årleg informasjon til hushaldningane for å hindre plast i kloakken.
- Punkt 7 – Nytt punkt: Hindre forsøpling frå byggeplassar og industriverksemder
- Punkt 10 – Omfattar også kjeldesortering. Så langt som mogleg forby offentleg innkjøp av eingongsartiklar i plast. Må ikkje bli erstatta med noko som gir større miljøavtrykk.

Handlingsdel til klimaplanen:

- Punkt I. 2. C – Endra frå fornybar energiforsyning til miljøvenleg energiforsyning. To nye underpunkt: Tilknytning til Ulstein Fjernvarme der det er naturleg med tanke på plassering i nærleik av fjernvarmenettet eller framtidige utbyggingsområde for fjernvarme. Der det er naudsynt eller leggst til rette med kjøling, og utbygginga er i nærleiken av fjernvarmenettet skal det leggst opp til fri-kjøling frå fjernvarmenettet.
- Punkt I. 3. A – Endra frå fornybar energi til klimavenleg energi og klimavenlege energikjelder.
- Punkt II.1. C – Nytt punkt: Bygg som kommunen skal investere i skal i størst mogleg grad ha miljøvenleg byggmateriale.
- Punkt II.1. D – Omfattar no også større ombyggingar/tilbygg.
- Punkt IV.4. C – Nytt punkt: Etablere «bilhotell» med el.bil. Lokalisert ved rådhuset. Alle tilsette i kommune og kommunalt eigde selskap skal kunne nytte bilen. Bilen får egen kalender der den kan reserverast. Må lage instruks for bruk.
- Under føreslåtte nye tiltak, endra punkt 2 – Punktet vil ikkje inngå i SSR si forskrift, men må bli ei eiga forskrift for Ulstein kommune.
- Under føreslåtte nye tiltak, nytt punkt 5 – Opprette Klima- og miljøforum for å halde fokus på emnet og skape tverrfagleg forståing og kunnskap internt og på tvers av kommuneorganisasjonen. Forumet skal i starten bestå av:
 - Administrativ leiar (møteleiar)
 - Kommunal miljørådgjevar
 - UEKF
 - Ulstein Fjernvarme
 - SSR

Forumet skal ha minst fire møter i året og setter sjølv dagsorden for aktuelle saker og tema. Kommunale og kommunalt eigde selskap kan også kome med innspel og be om synspunkt frå forumet i saker som relaterer seg til klima og miljø.

Etter at planen er vedtatt vert føreslåtte nye tiltak lagt inn i tabell saman med eksisterande punkt.

Administrasjonen rår til at kommunestyret godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) slik dei ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Positivt

Økonomiske konsekvensar: Usikkert

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Verner Larsen
rådmann

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Forslag til ny handlingsplan (prioriterte tiltak frå eksisterande plan)

	Mål og strategi		Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
I. Stasjonær energi								
1.	Endre haldningar gjennom informasjon	A	Gjennomføre årleg informasjonskampanje for privathushald, barn og unge, for å bidra til auka fokus på energi og miljø og som i størst mogleg grad kan gi målbare klimaresultat.	Delvis utført av SSR (miljødelen)	SSR gjennomfører årlig opplegg for 4.klasse og barnehagar	SSR	Fom 2019	Høg
2.	Påverke og legge til rette for energi- og miljøvenleg nybygging	A	Prioritere utvikling av nye utbyggingsområde for lågenergibygg	Ikkje utført	Prioritere i Helsekerdalen	Teknisk etat	2022	Middels
		B	Satse vidare på leverandøruavhengige tomter, slik at folk har høve til å velje klimavenlege løysingar.	Utført	Ha kommunale tomter tilgjengeleg	Kommunen	Vidareførast	Høg
		C	Innføre rutine som sikrar at alle nye byggefelt og næringsområde primært blir vurdert etablerte med miljøvenleg energiforsyning. <ul style="list-style-type: none"> Tilknytning til Ulstein Fjernvarme der det er naturleg med tanke på plassering i nærleik av fjernvarmenettet eller framtidige utbyggingsområde for fjernvarme. Der det er naudsynt eller leggst til rette med kjøling, og utbygginga er i nærleiken av fjernvarmenettet skal det leggst opp til fri-kjøling frå fjernvarmenettet. 	Utført (Første punkt lagt inn i føresegnene til kommuneplanen)	Legge inn i føresegner til reguleringsplanar	Kommunen, byggfirma	Vidareførast	Middels
3.	Auke bruk av klimavenleg energi	A	Utgreie og sette i verk tiltak for auka bruk av vassborne anlegg og lokale energisentralar som kan nytte klimavenlege energikjelder.	Utført på Sjøside	Verftsområda vurdert som aktuelle	Fjernvarmeselskapet	2022	Middels
II. Stasjonær energi – internt i kommuneorganisasjonen								
1.	Energieffektive- og miljøvenlege bygg	A	Integrere energimoment frå planstadiet og fram til vedtaksgrunnlaget i alle saker.	Blir teke omsyn til		UEKF/Planavd.	Løpande	Middels
		B	Velge energieffektive løysingar som er lønte (økonomisk/energiøkonomisk) over bygget si levetid (livssyklus analyse LSA).			UEKF/Planavd.	Løpande	Høg
		C	Bygg som kommunen skal investere i skal i størst mogleg grad ha miljøvenleg byggmateriale.			UEKF	Løpande	Høg

	Mål og strategi		Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
		D	Fornybar energi til oppvarming i alle nybygg og ved større ombyggingar/tilbygg.	Utført		UEKF/Planavd.	Vidareførast i sentrum	Høg
III.	Avfall og forbruk							
1.	Haldningsskapande arbeid	A	Motivere skular, lag og organisasjonar til å ha byttedagar (t.d. for sportsutstyr). Kartlegge slike ordningar i kommunen i dag.	UVS er Miljøfyrtårnsbedrift	Prosjektrelaterte arr.: Læreplanar i høve til miljø- og samf.fag	Frivilligsentr., skulane		Høg
		B	Bruke 7-stjernesamarbeidet aktivt for å motivere skular og barnehagar til å gå i gang med systematisk arbeid med avfall og forbruk i skule og barnehage gjennom opplegg frå retursam-arbeidet LOOP, God start, Regnskogfondet, Grønt Punkt, Grønn Hverdag e.a.	Delvis utført (Kun SSR)	Utarbeide handlingsplan	Sekretariatet for 7-stjerna. Oppvekstsjef	2019	Høg
IV.	Transport							
1.	Gjere det tryggare og meir attraktivt å gå/sykle til og frå skule/arbeid.	A	Kartlegge kor mange elevar som går/syklar til skule	Sist utført 2008	Føre vidare registr.	Skulane	2019	Høg
		B	Sikre opparbeiding av gang- og sykkelvegnett i tråd med Vegdirektoratet sine tilrådingar for trygg skuleveg, jamfør Trafikktryggingssplanen <ul style="list-style-type: none"> • Ulsteinelva-Gåsneset • Garneskrysset til Haddal skule • Kleven-Skjerva • Bakkegata • Skulevegen – Ulsteinvik barneskule • Trafikkvakter ved skulane 	Delvis utført	Bruke gjeldande TT-plan	Teknisk etat Frivilligsentralen	2022	Middels
		C	Vidareføre "sykle-til-jobben-aksjon" for kommunalt tilsette	Vidareførast	Vidareføre aksjon for auka oppslutning	Velferds-komite/ BUK	2019	Høg
		D	Implementere Trafikktryggingssplanen i klimaplanen og omvendt, ved rullering av begge planverk.	Delvis utført		Kommunen	Ved neste rullering	Høg

	Mål og strategi		Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
2.	Auke talet på kollektivreisande gjennom å etablere gode tilbod	A	Sytle buss-skur med rutetider ved alle knutepunkt.	Delvis utført	Følgje opp med utbygging	Statens vegvesen Kommunen	Vidareførast	Middels
		B	Aktivt nytte samarbeidsmøte i 7-stjernesamarbeidet om felles ungdomskort til alle i alderen 13-20.	Ikkje utført	Interkommunalt samarbeidsprosjekt	Sjustjerna, Regionrådet	2022	Høg
3.	Bruke PBL medvete i areal- og transportspørsmål	A	Vidareføre konsentrert, sentrumsnær utbygging.	Utført	Innarbeidd KPA	Planavd.	Vidareførast	Høg
		B	Sikre grøne korridorar frå framtidige bustadområde inn til sentrum.	Utført	Innarbeidd I KPA	Planavd.	Vidareførast	Høg
4.	Samarbeidstiltak for å redusere transportbehov og for overgang til klimavenleg transport	A	Ha møte med frivillige lag og organisasjonar (særleg idrettslag og turlag) for samkjøring til fritidsaktivitetar.	Ikkje utført	Lag/org .bør oppmode sine medlemmar om samkjøring	Friv. Org./ Oppvekst	2019	Høg
		B	Kjøpe inn og vedlikehalde to sykklar til bruk for tilsette i rådhuset.	Ikkje utført	Vedtak i enkeltsak!	Velferdskom.	Vidareførast	Høg
		C	Etablere «bilhotell» med elbil. Lokalisert ved rådhuset. Alle tilsette i kommunen og kommunalt eigde selskap skal kunne nytte bilen. Bilen får eigen kalender der den kan reserverast. Må lage instruks for bruk.	Ikkje utført	Innarbeide kjøp av el-bil i budsjettet.	Rådmannen	2020	Middels
		D	Bygge inn klimaomsyn i innkjøpsavtalar ved skifte i bilpark, og legge prioritet på innkjøp av <ul style="list-style-type: none"> • el-bilar til kommunale verksemder • lavutsleppskøyretøy. 	Ikkje utført	Følgje opp etablerte innkjøpsordningar	SSIS/ Kommunen	2022	Middels

V.		Landbruk						
1.	Landbruk som kjelde til energi	A	Sjå tiltak under Energi	Ikkje utført	Jamføre tiltak under Energi og Avfall	Landbrukskontor /SSR	2022	Middels
2.	Auke forbruket av økologiske matvarer	A	Siktemål minst 15% lokalproduserte matvarer i forbruket ved kommunale verksemder	Ikkje utført	Kartlegge status som måltal for oppnåing	SSIS/ Søre Sunnmøre Matmanifest	2022	Middels
3.	Auke bruken av opne kanalar	A	Det er eit nasjonalt fokus med og prioritere opne kanalar og vedlikehalde dreneringa på dyrka mark. Auka bruk av opne kanalar minskar flaumskader. Mål om auka prioritering i neste rullering av SMIL strategien.	Er del av SMIL strategien, men utan serskild prioritet	Innarbeide ved rullering av SMIL strategien	Næringsorg. i landbruket/ landbrukskontor	2021	Høg

Føreslåtte nye tiltak:

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
1.	Redusere plast- og marin forureining	Etablere og vedta ei lokal forskrift for å følge opp dette arbeidet – inkl. handlingsplan	Bør settast hurtig i gang. Er ikkje oppstarta	Halde fram og styrke arbeidet med strand-ryddedagen. Etc.	SSR og Ulstein kommune.	SSR sitt representantskap i november 2019. Til kommunane deretter for vedtak før 1/3-2020	Høg
2.	Tvungen renovasjon for båtar	Lokal forskrift. Ein god del av den marine forureininga har sitt opphav i fritidsbåtar	Ikkje gjennomført	Lage handlingsplan. Denne vil m.a. inkl. avfallscontainerar frå SSR i alle hamner. Krav vil også gjelde for gjestebåtar.	Ulstein kommune. (SSR kan bidra.)	2019	Høg
3.	Ryddeaksjonar og systematisk arbeid for å unngå landbasert forsøpling i nærmiljøet og i naturen	Det blir etablert og vedtatt ei lokal forskrift for heile SSR-regionen, der SSR får delegert hovudansvaret for dette	Kommunalt ansvar, men ressursar manglar	Overlate ansvaret til SSR.	SSR og Ulstein kommune.	SSR sitt representantskap i november 2019. Til kommunane deretter for vedtak før 1/3-2020	Høg
4.	Informasjon / kommunikasjon	Auke kunnskapen om gjenvinning og kjeldesortering ytterlegare, samt arbeide målretta med haldningsskapande tiltak – inkl. temaet avfallsreduksjon	SSR arbeider mykje med desse temaene. Dette er eit «evigvarande» arbeid og bør ytterlegare styrkast	Digitalisering er sentralt i dette arbeidet. Stor satsing på barnehagar og skular (med obligatorisk kjeldesortering). Skal også rettast mot næringslivet og tilsette i kommunen.	SSR.	1/10-2019	Høg

5.	Klima- og miljøforum	<p>Opprette Klima- og miljøforum for å halde fokus på emnet og skape tverrfagleg forståing og kunnskap internt og på tvers av kommuneorganisasjonen.</p> <p>Forumet skal i starten bestå av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Administrativ leiar (møteleiar) - Kommunal miljørådgjevar - UEKF - Ulstein Fjernvarme - SSR <p>Forumet skal ha minst fire møter i året og setter sjølv dagsorden for aktuelle saker og tema. Kommunale og kommunalt eigde selskap kan også kome med innspel og be om synspunkt frå forumet i saker som relaterer seg til klima og miljø.</p>	Ikkje gjennomført.	Fokus på tverrfaglig informasjon. Uttale seg i relevante saker.	Ulstein kommune v/rådmann	2019-2022	Høg
6.	Kommunen sitt prioriterte arbeid innan avfallsområdet	Bruk av lovverk og forskrifter + etterlevelse av det som kjem fram av dei fire første punkta og eigne reglar for energibruk	Miljøkrav er definert i nye innkjøpsreglar. Andre miljøkrav er lagt inn i kommuneplanen, og noko i utbyggingavtaler	Fastsette reglane for oppfølging og føre tilsyn. Ein person i adm. får ansvaret for dette arbeidet.	Ulstein kommune.	1/10-2019	Høg
7.	Landbruk som kjelde til energi	Utgreie bruken av biogass frå landbruket	Nytt punkt	Kartlegge moglegheit og interesse frå gardbrukarane	SSR/ landbrukskontor/ Landbruk Norvest	2022	Middels
8.	Handtering av plastavfall frå landbruket	Aksjon for innsamling av plast frå rundballar som ikkje har vorte brukt. SSR har ordning for gratis levering av landbruksplast.	SSR har ordning med gratis levering av plast	Innarbeide i informasjon og kartlegge status	Landbrukskontor/Næringsorg. I landbruket	2020	Høg

1 Handlingsplan – revidert januar 2019

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
I.	Stasjonær energi						
1.	Samarbeide med aktører utafor kommune-organisasjonen	Etablere 3 til 4 samarbeidsgrupper for klima- og energisparing innanfor lag, organisasjonar og næringsaktørar.	Ikkje utført		Kommunen initiativ + diverse samarbeidspart n.	2013	Ikkje prioritert
2.	Endre haldningar gjennom informasjon	Gjennomføre årleg informasjonskampanje for privathushald, barn og unge, for å bidra til auka fokus på energi og miljø og som i størst mogeleg grad kan gi målbare klimaresultat.	Delvis utført av SSR (miljødelen)		Kommunen/ oppvekstetaten	2011 (skulestart)	Høg
		Etablere informasjonshjørne i kommunehuset med aktuell informasjon både for nybygging og forbetringar av bustaden	Ikkje utført, men informasjon ligg på nettsidene		Kommunen	2011	Ikkje prioritert
3.	Auke energieffektiviteten i eksisterande bygg	Gjennomføre felles tilbodsprosess som sikrar tilbod på gode kvalitetssikra enøk-produkt til god pris, (gjerne i samarbeid med andre kommunar).	Ikkje utført		Kommunen/ interkommunalt samarbeid	2013	Låg
		Informasjons- og haldningstiltak for eksisterande bustad og næringsbygg (gjerne i samarbeid med andre kommunar)	Ikkje utført	Interkommunalt prosjekt	Kommunen/ interkommunalt samarbeid	Etter 2014	Låg
4.	Påverke og legge til rette for energi- og miljøvenleg nybygging	Prioritere utvikling av nye utbyggingsområde for lågenergibygg	Ikkje utført	Jfr. nye byggforskrifter	Teknisk etat	2011-2014 2022	Middels
		Innføre rutine som sikrar at alle nye byggefelt og næringsområde primært blir vurdert etablerte med fornybar energiforsyning	Utført (Lagt inn i føresegnene til kommuneplanen)	Legge inn i føresegner til reguleringsplanar	Kommunen, byggfirma	>2011	
		Ta initiativ som sikrar god tilgang på aktuelle tilbod på lågenergibygg og energieffektive løysingar for nybyggjarar i kommunen	Ikkje utført	Legge inn som tilbod i plan- og byggesakshandsaming	Kommunen, arkitektfirma, byggfirma	2011-2014	Ikkje prioritert
		Utvikle/profilere grøne nærings- og industriområde. (grøne = klimanøytrale eller klimaforbetrande løysingar)	Ikkje utført (Reguleringsplan Saunesmarka)	Innarbeide dette i pågåande planarbeid	Teknisk etat, planavdelinga	Frå 2011 og vidare	Ikkje prioritert

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
			utviding vedteken men punkt utelatt)				
5.	Auke bruk av fornybar energi	Kartlegge potensialet av fornybare energiressursar og spillvarme, samt utarbeide plan for auka bruk av desse.	Ikkje utført	Kartleggingsprosjekt	Samarbeidsgruppene, jfr. I-1.	Innan 2014	Ikkje prioritert
		Etablere eit fjernvarmeanlegg i Ulsteinvik basert på sjøvarme og varmepumpe innan 2011	Utført	Sjøgate-prosjektet. Inntak via sjønært bygg, rør til idrettshall og badeanlegg (viktig for lønsemd), barneskulen og ungdomsskulen	Kommunen i samarbeid med aktuelle partnerar	2011	
		Utgreie og sette i verk tiltak for auka bruk av vassborne anlegg og lokale energisentralar som kan nytte fornybare energikjelder	Utført på Sjøsida	Verftsområda vurdert som aktuelle	Fjernvarmeselskapet, jfr. pkt. I-5.	Etter 2014 2022	Middels
		Fornybar energiforsyning til minst eitt nytt byggefelt innan 2014	Utført i Halsekervegen	Reitengrenda og Halsekervegen aktuelle	Fjernvarmeselsk .	2014	
6.	Bidra til klimavenleg næringsutvikling	Kartlegge status og planar hos verksemdene i kommunen, ta initiativ til seminar eller møte med fokus på moglegheiter gjennom klimavenleg næringsutvikling	Ikkje utført		Kommunen i samarbeid med lokale verksemder	Innan 2014	Ikkje prioritert
		Etablere tiltak som stimulerer til utvikling av energieffektivitet innan skipsnæringa, både drift og utvikling/produksjon.	Er ein del av skipsindustrien sin strategi		Skipsindustrien	Vidareført 2011-2019	
II.	Stasjonær energi – internt i kommuneorganisasjonen						
1.	Energileiing og energioppfølging	Etablere og drive energileiing for heile kommuneorganisasjonen. Merk: Det kan vere eigar/ brukarutfordringar der eigar ikkje er brukar (td. kommunen vs. UEKF):	Utført	Må sikre kompetanse for grøn profil	Kommunen, UEKF	2012	
		Etablere og drive energioppfølging for alle kommunale bygg og anlegg	Utført		UEKF/ Drift	2011	
2.	Enøk-tiltak i kommunal byggmasse	Detaljutgreie alle lønsame (økonomisk/energi-økonomisk) enøk-tiltak i kommunale bygg og anlegg	Utført	Fokus på ENØK skal vere prioritert. Viktig med opplæring	UEKF/ Drift	2011	

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
		Gjennomføre alle strakstiltak innan 2012 (inntente innan 1 år)	Utført	"	UEKF/ Drift	2012	
		Gjennomføre alle enøk-tiltak som er inntente innan 5 år før 2014	Utført	"	UEKF/ Drift	2014	
3.	Energieffektive nybygg	Energikompetanse frå planstadiet og integrere energimoment i vedtaksgrunnlag ved alle saker	Blir teke omsyn til		UEKF/Planavd.	2011 Gjeldande	Middels
		Velge energieffektive løysingar som er lønte (økonomisk/energiøkonomisk) over bygget si levetid (livssyklus analyse LSA).	Blir teke omsyn til		UEKF/Planavd.	2011 Gjeldande	Høg
		Fornybar energi til oppvarming i alle nybygg	Utført		UEKF/Planavd.	Før 2010 Vidareførast i sentrum	
		Prioritere lågenergi- og passivstandard	Ikkje utført		UEKF/Planavd.	2011	Låg
4.	Auke bruken av fornybar energi	Konvertere minst 5 kommunale bygg frå el-varme til vassbore system i planperioden (4 år).	Ikkje utført		UEKF	Innan 2014	Låg
		Ta i bruk fornybar energi i ≥ 5 kommunale bygg	Ikkje utført		UEKF	Innan 2014	Låg
		Vurdere å montere solvarmeanlegg på minst 3 kommunale bygg i løpet av planperioden	Ikkje utført		UEKF	Innan 2014	Låg
III.	Avfall og forbruk						
1.	Opprette nye/endre fraksjonar i hente- og bringeordning	Syte for fysisk plassering av hageavfall og ferdig flis	Utført	Finne ny lokalisering i samarbeid med Hareid	SSR/Teknisk	2010	
		Syte for bruk av ferdig flis, til dømes etter mal frå Stryn kommune.	Utført	Etablere fjernvarmeanlegg for fyring	SSR og kommunen i samarbeid	Etter 2014	
		Årleg tidsavgrensa utplassering av containerar på bygdene for innsamling av forskjellige fraksjonar avfall.	Utført	Vektregistrering av avfall er avslutta.	SSR og kommunen i samarbeid	2011 Vidareførast	Låg
		Innføre tvungen renovasjon for fritidshus. SSR må vere med på tilrettelegging.	Utført	Anlegg under planlegg: 1. fritidshus	SSR og kommunen i samarbeid	2011	

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
				2. kombinert fritidshus og båtar.			
		Innføre tvungen renovasjon for båtar. Gjeld også båtar i gjestehamna (renovasjonsavgift må inn i hamneavgifta).	Er del av føreslått ny forskrift for SSR	Anlegg under planlegg: Eitt kombinert fritidshus/ båtar og to for båtar	SSR og kommunen i samarbeid	2011 Innan 2022	Høg
		Opprette gjenbruksordning knytt til avfallsstasjonen	Utført	Krev ein del innsats	SSR i samarbeid m andre aktørar	2014	
2.	Auke kunnskapen om attvinning og kjeldesortering/ informasjon	Gjennom SSR arbeide med <ul style="list-style-type: none"> • infofoldar saman med fakturaene • Fast avisspalte i lokalavisene 	Utført	Gjennomgang av eksisterande praksis. Hente erfaringar utanfrå	SSR	2011	
		Infofoldar i samarbeid med kommunane i Klimaplanarbeidet (Volda initiativtakar)	Ikkje utført	Etter vedtak	SSR/ kommune-administrasjon	2011	Låg
3.	Bruk av lovverk og forskrifter meir medvete i byggesaker og i tilsyn	Oppdatere rutine for tilsyn av avfallsplanar i byggesaker, slik at den stettar alle krava til verkeområde i Avfallsforskrifta.	Ikkje utført	Tilsyn i samsvar med avfallsforskrift og byggesaksforskrifta	Teknisk etat	2011	Låg
		Prioritere informasjon om bruk av resirkulering som integrert del av byggeprosjekt o.l. Haldningsskaping.	Ikkje utført	Ved førehandskonferanse og tomtosal	Teknisk etat byggesak	2012	Låg
		Rådmannsgruppa bør gje Byggesaksforum i oppdrag å utvikle felles rettleiar for klimavennlege val i byggeprosessar. Konkrete løysingar og kostnadsrammer	Ikkje utført	Prosjekt med start 2011 og ferdig 2012	Rådmann	2012	Låg

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
4.	Miljøkrav i anbods- og innkjøpsprosessar	Stille miljøkrav i anbods- og tilbodsprosessar (varer og tenester) med krav om miljømerking av produkta, under dette også dokumentasjon frå leverandørar om miljøleing og/eller sertifisering. Bruke innkjøpssamarbeidet til å finne gode miljøalternativ til alle typar produkt. Fokus på etisk handel/Fair Trade	Innkjøpssamarbeidet er no endra frå SSIS til Konserninnkjøp Ålesund, som stiller høge miljøkrav.	Innarbeide krav i kommunalt regelverk knytt til SSIS og innkjøpssamarbeid	SSIS	2011 Løpande	Låg
5.	Haldningsskapande arbeid	Bruke 7-stjernesamarbeidet aktivt for å motivere skular og barnehagar til å gå i gang med systematisk arbeid med forbruk i skule og barnehage gjennom opplegg frå retursam-arbeidet LOOP, God start, Regnskogfondet, Grønt Punkt, Grønn Hverdag e.a.	Delvis utført (Kun SSR)	Utarbeide handlingsplan	Sekretariatet for 7-stjerna. Oppvekstsjeff	2011 2019	Høg
		Arrangere ein ei årleg "kjellar-og-loft"-rydding, for resirkulering og gjenbruk av klede og gjenstandar.	SUFH og Ulsteinmessa har etablert	Utfordre til loppemarknad	Frivilligsenteret, SUFH og friv. Org,	2012	Låg
		Motivere skular, lag og organisasjonar til å ha byttedagar (t.d. for sportsutstyr). Kartlegge slike ordningar i kommunen i dag.	Ikkje utført	Prosjektrelaterte arr.: Læreplanar i høve til miljø- og samf.fag	Frivilligsentr., skulane	Framhald 2011 2019	Høg
6.	Redusere avfall og forbruk	Utarbeide byggerettleiar med tema Klima til bruk overfor private utbyggarar og entreprenørar	Ikkje utført	Ta utgangspunkt i lover og forskrifter	Teknisk etat	2011	Ikkje prioritert
		Satse vidare på leverandøruavhengige tomter, slik at folk har høve til å velje klimavenlege løysingar.	Utført	Å ha kommunale tomter tilgjengeleg	Kommunen	2010 Vidareførast	Høg
		Halde eitt årleg frukostmøte for næringslivet med tema forbruk, ENØK, avfallsreduksjon, miljømerking o.a. i samarbeid med SSR.	Delvis utført (Hatt eitt møte)	Utfordre alle butikkar og kioskar til "frukostmøte"	SSR og ordførar	2011	Låg

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
7.	Kommunen har eit systematisk arbeid for forbruksreduksjon	Alle einingar i kommunen skal verte Miljøfyrtårn, inkludert UEKF. Legge kravsspesifikasjonar for miljøfyrtårnsertifisering til grunn for: <ul style="list-style-type: none"> • Emballasjebruk • IT-utstyr og møblar • Papirbruk kontra sakspapir og elektronisk rutine • Rasjonell skrivarbruk • Speilvending og "Nei-takk" mot reklamemottak • Kontinuerleg økonomikontroll av straumforbruk 	Ikkje utført	Oppfølging av vedtaket om MF-kommune Definere reduksjonsmål for dei ulike tema	Ordførar/ Rådmann	Innan 2014	Låg
		Sikre kompetanseheving på avfall og forbrukstema i eigen organisasjon, gjerne i samarbeid med kommunane i 7-stjernesamarbeidet.	Har hatt låg fokus og lite effekt av dei gjennomførte utspela	MF-tiltak gjennom vidareført klimaplanprosjekt	SSR/UEKF + kommuneadmini strasjon	2014	Låg
IV.	Transport						
1.	Gjere det tryggare og meir attraktivt å gå/sykle til og frå skule/arbeid.	Kartlegge kor mange elevar som går/syklar til skule	Sist utført 2008	Føre vidare registr.	Skulane	2011- 2019	Høg
		Sikre opparbeiding av gang- og sykkelvegnett i tråd med Vegdirektoratet sine tilrådingar for trygg skuleveg, jamfør Trafikktryggingen planen <ul style="list-style-type: none"> • Hasund skule-Kleven • Ulsteinelva-Gåsneset • Garnes og frå Garneskrysset til Haddal skule • Halseneset-Ulstein skule • Kleven-Skjerva • kartlegge farlege overgangar og krysningpunkt på gang- og sykkelvegnettet for rullering 	Delvis utført (punkt med gjennomstreking) fleire aktuelle strekingar har kome til (t.d Bakkegata, Skulevegen-UBS)	Legge TT-planen 2011-2014 til grunn for prioritering og eigenfinansiering av tiltaka. Legge prioriteringane i TT-planen med årlege rulleringar til grunn for innspel til nasjonal transportplan 2010-2019	Teknisk etat	2011 for første prioritet, innan 2014 for det øvrige 2022	Middels

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
		<ul style="list-style-type: none"> Trafikkvakter ved skulane 		for tiltak langs regionalt vegnett			
		Opprette sykkelparkering ved rådhuset og andre offentlege bygg.	Utført	Vidareføre tilrettelegging ved andre bygg	UEKF/ Administrasjon	2011	
		Vidareføre "sykle-til-jobben-aksjon" for kommunalt tilsette	Har vore utført	Vidareføre aksjon for auka oppslutning	Velferds-komite/ BUK	2010 2019	Høg
		Implementere Trafikktryggingsplanen i klimaplanen og omvendt, ved rullering av begge planverk.	Delvis utført (i Trafikktryggingsplanen)		Kommunen	2010 Ved neste rullering	Høg
2.	Auke talet på kollektivreisande gjennom å etablere gode tilbod	<p>Arbeide for å auke talet kollektivreisande gjennom</p> <ul style="list-style-type: none"> materuter til Timesekspressen med avgang kvar time i tidsrommet 06.00-09.00 og 15.00-18.00, med overgang i retning Volda og Molde. pendlerparkering på Hareid kartlegge behovet for kollektivtilbod mot Ålesund (hurtigbåt) og Sulesund (ferje)/Moa (Sularuta) for tidspunkt, mengde, type passasjerar betre korrespondanse mellom ytre/søre Sunnmøre og Bergen å invitere private bedrifter til samordning mellom privat og offentlig kollektivtransport til/frå Hareid (arbeidsrutene) 	Delvis utført (punkt med gjennomstrøking)	Etablere breitt samarbeid mellom styresmakter, bedrifter og transportaktørar med nytt ruteopplegg Prosjektorientert kartlegging av situasjon og behov (høgskulane)	MR fylke, Samferdsels-avdelinga Ulstein og Hareid kommunar Private bedrifter i kommunane (Kleven, Ulstein, Rolls-Royce, Jets)	2011-2013	Låg
		Syte for buss-skur med rutetider ved alle knutepunkt.	Delvis utført	Følgje opp med utbygging	Statens vegvesen Kommunen	2012 Vidareførast	Låg
		Utvikle "park-and-ride" i Garneskrysset i samarbeid med Statens Vegvesen.	Utført	Følgje opp samtidig med utbygging knutepunkt	Statens vegvesen M&R fylke	2012	

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
		Endre rutene slik at passasjerar til/frå Herøy ikkje treng reise om Ulstein, og at passasjerar til/frå Ulstein ikkje treng reise om Myrvåg.	Utført	Bygge krysspunkt for omlasting på Garnes	Statens vegvesen	2012	
		Vidareutvikle Bakkebyruta gjennom å <ul style="list-style-type: none"> • ha laurdagsavgangar i butikkane sine opningstider • gå over til tilpassa materiell (t.d. barnevognvenl.) • utvide langs "ytre samleveg" når kommunal veg mellom Anholen og Storegjerdet er på plass 	Ruta er etablert, men manglar viktige element, jfr. kulepunkt	- Samarbeid med Fjord1 og forretningsdrivande for tidstabell og materiell - Planprosess, finansiering og fullføring av kommunal veg	Kommunen/ Fjord1 for ruteopplegg Kommunen for å bygge ut vegnettet	2012-2013	Låg
		Opprette kollektivtilbod til/frå Høddvoll ettermiddag og kveld tilpassa treningstider for barn og unge.	Ikkje utført	Samarbeidsprosjekt mellom aktørane	Hødd/Fjord1 Oppvekst	2012	Låg
		Aktivt nytte samarbeidsmøte i 7-stjernesamarbeidet om felles ungdomskort til alle i alderen 13-20.	Ikkje utført	Interkommunalt samarbeidsprosjekt	Regionrådet	Innan 2014 2022	Høg
3.	Bruke PBL medvete i areal- og transportspørsmål	Vidareføre konsentrert, sentrumsnær utbygging.	Utført	Innarbeidd KPA	Planavd.	2011 Vidareførast	Høg
		Sikre grønne korridorar frå framtidige bustadområde inn til sentrum.	Utført	Innarbeidd KPA	Planavd.	2011 Vidareførast	Høg
		Sjekkliste for klimavurderingar vedlagt alle saker.	Ikkje utført	Utarbeide regelverk	Plan og bygg	2012	Låg
4.	Samarbeidstiltak for å redusere transportbehov og for overgang til klimavenleg transport	Ha møte med frivillige lag og organisasjonar (særleg idrettslag og turlag) for samkjøring til fritidsaktivitetar.	Ikkje utført	Inn som tema i rullering av KIF-planen (2011)	Friv. Org./ Oppvekst	2012 2019	Høg
		Bygge inn klimaomsyn i innkjøpsavtalar ved skifte i bilpark, og legge prioritet på innkjøp av <ul style="list-style-type: none"> • el-bilar til kommunale verksemder • lavutsleppskjøretøy. 	Ikkje utført	Følgje opp etablerte innkjøpsordningar	SSIS/ Kommunen	2013 2022	Middels
		Systematisk bruk av telefonmøte og sjå til at kommunen har eigna utstyr for slike møte. Kartlegge kva samarbeidsaktørar har av utstyr til same bruk.	Delvis utført (tekst med gjennomstreking)	Utarbeide reglement for systematisk bruk	Rådmann/ leiargruppe	2011	Låg

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
		Følgje opp igangverande arbeid for organisering av samkjøring mellom kommunetilsette. Sjå på incentiv for å velje samkjøring.	Delvis utført	Vidareføre prosjektframlegg i kurs i medarbeiderskap	Rådmann/leiargruppa		
		Kjøpe inn og vedlikehalde to sykklar til bruk for tilsette i rådhuset.	Ikkje utført	Vedtak i enkeltsak!	Velferdskom.	2011 Vidareførast	Høg
		Legge til rette for ladepunkt for elbil ved alle offentlege bygg.	Utført	Inkludert i planløyising ved alle nybygg, plan for etablering ved eldre bygg	UEKF	2013	
V.	Næringsliv						
1.	Opprette regionalt Klimaforum som oppfølging av Klimaplanprosjektet	Kartlegge og heve miljøstatus og sertifisering (MF og ISO 14001) i næringslivet i kommunen.	Klimaforum vart oppretta, men kartlegging ikkje utført	Studentoppgåve – prosjekt ved Høgskulen	Kommune/Høgskulen	2011-2012	Låg
		Invitere større utbyggjarar og bedrifter til årlege samarbeidsmøte for felles kompetanseheving og erfaringsutveksling (t.d. MAFOSS, Tussa, Ulsmo).	Ikkje utført	Klimaplanprosjektet – tema i vidareføring	Kommunen og Høgskulen	2013	Låg
VI.	Landbruk						
1.	Redusere klimagassutslepp frå landbruket	Setje i verk tiltak med siktemål å redusere klimagassutslepp frå landbruket på brei front – fossil energibruk for maskinell drift, gassgjenvinning frå avfallshandtering, oksydasjonsprosessar og forbrenning av organisk materiale i samband med dyrking og skogsdrift (avvirking)	Ikkje utført	I samarbeid kommune/ interesseorganisasjon ar opprette ei arbeidsgruppe ved interkommunalt landbrukskontor, Forsøksring Søre Sunnmøre og andre landbrukskontor i 7-stjernesamarbeidet med siktemål å redusere klimagassutslepp frå landbruket	Landbrukskontor/ kommune/ organisasjonar	Innan 2012	Låg

	Mål og strategi	Aktivitet	Status 1.1.19	Metode for måloppnåing	Ansvar	Tidsfrist	Prioritet
		Bygge inn strategiar mot nedbygging av dyrka mark ved rullering av arealplan.	Utført	Bruke hensynssoner og streng praksis	Teknisk etat plan/ landbrukskontor	2011	
2.	Landbruk som kjelde til energi	Sjå tiltak under Energi	Ikkje utført	Jamføre tiltak under Energi og Avfall	Landbrukskontor skog/SSR	Etter 2014 2022	Middels
3.	Auke forbruket av økologiske matvarer	Siktemål minst 15% økologiske landbruksvarer i forbruket ved kommunale verksemder	Ikkje utført	Kartlegge status som måltal for oppnåing	SSIS	Innan 2012 2022	Middels
4.	Bruk av SMIL-ordninga	Samordne kriterier for tildeling av midlar gjennom SMIL-ordninga for alle kommunane i 7-stjerne-samarbeidet.	Delvis utført (Er del av SMIL strategien, men utan særskild prioritet)	Kartlegge status med sikte på samordning i regionen	Rådmann/ landbrukskontor/	Innan 2012 2021	Høg



ULSTEIN KOMMUNE

Tiltaksplan mot plast- og marin forsoeping



Foto: iStock

Godkjend av Ulstein kommunestyre xx.xx.2019 i sak 19/xx

www.ulstein.kommune.no

Forord

«En av de største miljøutfordringene samfunnet står ovenfor er forurensning av havet, og omfanget øker. Marin forurensning og spredning av mikroplast i havet har negativ påverknad på marine økosystem, naturmangfold og bærekraftig utvikling. Plastavfall følger havstrømmene, på tvers av landegrensar og er et globalt problem som krev internasjonale løysningar.»

Regjeringa

«Plastavfall brytes svært langsomt ned, men vil ved hjelp av UV-strålar, vind og vær fragmenteres til mindre biter og til slutt ende opp som mikroplast. Langskysten av Norge består 70-90% av forurensninga av plast. Mesteparten av plastavfallet stammer frå fiskeri- og havbruksnæringa, og frå forbrukere. En god del kommer også frå Europa med kyststrømmen.»

Alle samfunnssektorer har i utgangspunktet et ansvar for å forhindre utslipp av plastavfall frå sine sektorområder. Miljøforvaltninga har et særlig myndighetsansvar for marin forurensning på alle forvaltningsnivå.»

Miljødirektoratet

Ulstein kommune har eit slikt myndighetsansvar. Når også Ulstein er ein kystkommune er det viktig at vi innser vår rolle, er vårt ansvar bevisst og forvaltar våre lokale ressursar med lokale ordningar som hindrar plast- og marin forurensning.

På nasjonalt plan vert det mellom anna arbeida med å innføre produsentansvarsordningar særleg innan fiskeri- og oppdrettsnæring, ordningar i hamnar for levering av marint avfall som fiskefartøy fangar opp, emballasjeoptimering, tilskotsordningar og styrking av samarbeid på tvers av myndighetene. Det er også eit forslag frå Miljødirektoratet at kommunen skal få moglegheit til å gjere vedtak om overtredingsgebyr i forurensingssaker der forurensningslova § 28 vert brote. Fleire nasjonale ordningar, innskjerpingar og lovverk er på gang, men er byråkratiske prosessar som tek tid.

Denne tiltaksplanen vil naturlegvis ha fokus på lokale tiltak basert på dagens ordningar og regelverk, og kan difor i stor grad iverksettast raskt. Intensjonen er at dette skal medverke til at Ulsteinsamfunnet bidrar i arbeidet med å minimere plastavfall på avvege og redusere den globale marine forurensninga.

Arbeidsgruppa, Ulstein kommune

Tiltak for å redusere og fjerne plast- og marin forsøpling 2019 - 2022

	Tiltak / aktivitet	Status pr. 21/12-2018	Metode for måloppnåing	Ansvar	Oppstart
1	Etablere ei ansvarleg styringsgruppe med eit gitt mandat og påfølgande finansiering	Ikkje oppstarta. Bør settast hurtig i gang.	3 stk. i ei slik styringsgruppe – ein frå adm., ein frå politiskside og ein leiar i gruppa frå SSR. Etter kvart etablere ei referansegruppe i næringslivet.	SSR og planforum	2019
2	Etablere ei kommunal meldingsteneste for innrapportering av plast- og marin forureining	Ikkje gjennomført. Må vere ein bestemt person på rådhuset eller hos SSR. Sistnemnde passar kanskje best.	Loggføring og oppfølging frå styringsgruppa.	SSR og Ulstein kommune v/styringsgruppa	2019
3	Ryddeaksjonar og systematisk arbeid for å unngå landbasert forsøpling i nærmiljøet og i naturen	Kommunalt ansvar, men ressursar manglar. SSR har kompetansen. Finansiering?	Overlate ansvaret til SSR. Halde fram og styrke arbeidet med strand-ryddedagen. Følgje opp utsalgsstader for hurtigmat. Bruke skjergardstenesta der ein kan. Organisere krinsvise ryddeorganisasjonar	SSR og teknisk etat Frivilligsentralen	Fortløpande
4	Informasjon / kommunikasjon	SSR arbeider mykje med desse temaene. Dette er eit «evigvarande» arbeid og bør ytterlegare styrkast.	Digitalisering er sentralt i dette arbeidet. Stor satsing på bamehagar og skular (med obligatorisk kjeldesortering). Skal også rettast mot næringslivet og tilsette i kommunen. Formidle årleg informasjon til hushaldningane for å hindre plast i kloakken.	SSR Teknisk etat og SSR	Fortløpande
5	Hindre utslepp av gummigranulat frå kunstgrasbaner (kgb)	Delvis gjort hos enkelte idrettslag. Alle kgb skal ha utstyr for å fange opp granulaten. Forslag til nasjonal forskrift for utforming, drift og oppsamling av granulat er utarbeidd (ikkje vedteke)	Fastsette reglar for oppfølging og tilsyn med kgb i høve at der er oppsamlingsordningar for granulat. Mogleg knyte dette i høve mottak av spele/tippemidlar. Ein person i adm. bør ha ansvaret for dette arbeidet.	Kulturkontoret og teknisk etat	Fortløpande, frå og med 2019
6	Innføre forbod mot privat fyrverkeri + strenge krav til offentleg fyrverkeri	Fyrverkeriforbod er ikkje gjennomført. 60% av befolkning er for å innføre eit slikt forbod. Offentleg fyrverkeri må vere utan plast.	Utarbeide lokal forskrift? Tilsyn må førast.	Brannsjefen	2020
7	Hindre forsøpling frå byggeplassar og industriverksemder	Større byggeplassar skal ha avfallsplan. Ikkje hatt fokus på forsøpling ved tilsyn.	Kommunen må ha fokus på det i samband med byggeøyve og byggeplastsilsyn og vidareformidle til fylkesmannen dersom det kjem klager på industriverksemder.	Teknisk etat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal	2019
8	Hindre utslepp av mikroplast frå verft og småbåthamner. Utsleppa kjem av malestøv og søl frå male- og vedlikehaldsarbeid i hamner o.l.	Ikkje gjort. Etter bildekk, er slike utslepp nest største kjelda til utslepp av mikroplast i Norge.	Det må kome krav om løysingar for samling og filtrering av vatn frå maling og vedlikehaldsarbeid i hamner, på verft, etc. Dette inkluderer også malerestar, etc. (avfall). Krav frå FM&R at det skal utarbeidast avfallsplanar for alle hamner.	Teknisk etat	2020
9	Legge til rette for betre avfallshandtering ved badeplassar og utfartsområde.	Er sett opp søppelbøtter nokre stadar, men ikkje tilstrekkeleg.	Kommunen må innføre og følgje opp gode avfallsøysingar på badeplassar og utfartsplassar nær sjø og vassdrag.	Driftsavdelinga i samarbeid med SSR	2019
10	Innføre tvungen utsortering av plast og plastemballasje frå all kommunal verksemd, samt kjeldesortering. Så langt som mogleg forby offentleg innkjøp av eingangsartiklar i plast	Berre delvis gjennomført. Ikkje gjort.	Kommunen må sette interne krav til dette. Lage til sorteringsstasjonar for avfall ved alle kontor og kjøkken/pauserom. Må inn i innkjøps-reglementet. Må ikkje bli erstatta med noko som gir større miljøavtrykk	Leiargruppa Innkjøpsansvarleg	Omgåande. SSR kan kontaktast 2019

11	Etablere og gjennomføre eit prosjekt som går på kartlegging av tiltak mot mikroplast frå kommunale vegar	Ikkje gjennomført. Vil også gjelde sandfangkummar, reinseanlegg, etc. og avfallet der.	Kommunalt prosjekt. Vil innehalde mykje kartlegging og utgreiingar. Kan også inkludere UVS og lokale forskingsmiljø. Må resultere i forslag til tiltak og ev. finansiering.	Driftsavdelinga	2019
----	---	---	---	-----------------	------

Oversikt innkomne innspel til handlingsdel til klimaplan og tiltaksplan mot plast og marin forureining 2019-2022

Nr	Frå	Tema	Oppsummert	Kommentar
1	Inge Håkonsholm	Tiltaksplan mot plast	Tiltak: Hindre utslepp av plast og anna avfall frå byggeplassar m.m. (+ verfta). Metode for måloppnåing: Det må kome krav om gode nok løysingar for sikring av avfall og presenningar etc på byggeplassar. Om slike krav allereie er på plass må metode for måloppnåing justerast. Kanskje er det kontroll som må til, eller haldningsendring og informasjon. Kva kan gjerast for å ansvarleggjere firma som forureinar? Det må vere enklare å førebygge at avfall havnar på avveggar enn at frivillige skal bruke tid på å rydde denne type avfall. Tiltak: Hindre utslepp av mikroplast som kjem i kloakkutslepp. Går ut i frå at reinseanlegget på Halseneset langt i frå siler ut mikroplast på ein god nok måte. Metode for måloppnåing: Forbetre filtrering av kommunens reinseanlegg. Informasjon om kva som er årsak til mikroplast i kloakken slik at husstandar og bedrifter kan redusere kjeldene til mikroplast i kloakken. Informasjon og haldningskampanjer om at avløpet ikkje er ei bossbøtte der ein kan kvitte seg med uønska stoff. Kommentar til klimaplan: Begrepet "fornybar energi" er brukt fleire stadar. Pass på at begrepet blir brukt rett i planen. Elektrisk energi frå vasskraft, som vi er sjølvforsynte med i Noreg, er fornybar energi. Vassboren fjernvarme er fint, men om det erstattar fornybar energi frå bl.a. elektrisk energi, blir det ikkje meir "fornybar energi". Redusere forbruket er god medisin for betre klima. Punkt III "Avfall og forbruk" har plass til fleire tiltak som kan redusere privat forbruk.	Har lagt inn punkt om avfall frå byggeplassar. Kommunen har 14 større slamavskiljarar som reinseanlegg. Desse tek ikkje mikroplast. Silanlegget har spalteopning 1 mm – noko mindre er neppe aktuelt. Då vert både kapasitet og vedlikehald sterkt redusert. I punktet om informasjon/kommunikasjon har vi spesifisert om plast i kloakken. Er einige i bruken av begrepet "fornybar energi" og har tatt ein gjennomgang på det. Ønskjer å halde tiltaksplanen kort og realistisk. Legg difor ikkje inn fleire tiltak under avfall og forbruk.
2	Ungdomsrådet	Tiltaksplan mot plast	Ungdomsrådet ynskjer at det blir auka fokus på kjeldesortering i offentlege bygg. Ungdomsrådet ynskjer fleire søppelbøtter utandørs, og i tilknytning til alle turveggar. Desse bør vere mest muleg sikra mot at fugl og andre dyr kan drage ut av søppelbøttene. Granulat frå kunstgrasbaner på avvege er eit problem som vi bør jobbe meir med å stoppe. For å få auka fokus og kompetanse på ulike tiltak, ynskjer ungdomsrådet at det vert arrangert ein informasjonsdag/gjenbruksdag på skulane, og gjerne fleire arrangement med fokus på klima.	Har omformulert punkt 10 til å gjelde kjeldesortering, ikkje berre plast. Tek til vitande at det er ønske om fleire søppelbøtter utandørs, men meiner det er bra dekning på søppelbøtter ved turveggar. Med fleire søppelbøtter rundt om vert det meir opphoping av søppel når desse vert fulle. Vil difor ikkje ha for mange bøtter, då kapasitet på henting er eit omsyn som må takast med i vurderinga. Informasjonsdag på skulane er vidareformdla til leiar for oppvekst, men vert ikkje tatt inn i planen.
3	Teknisk utval, Levekårsutvalet, Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	Tiltaksplan mot plast	Utvala vil gi honnør til arbeidsgruppa og støttar forslaget til tiltaksplan mot plast- og marin forureining. Utvala vil oppmode om at det vert organisert krinsvise ryddekomitear, og frivillige aksjonsgrupper. Det bør også vurderast å innføre ei panteordning for innsamla plast og liknande. Informasjon og haldningsskapande arbeid må få større merksemd. Det bør utplasserast avfallsdunkar på strategiske plassar rundt om i kommunen.	Har lagt inn organisering av krinsvise ryddekomitear. Panteordning for innsamla plast vil bli kostbart. Kan vurderast ved neste rullering dersom det vert sett av pengar i budsjettet. Informasjon og haldningsskapande arbeid ligg i punkt 4 i tiltaksplanen og er eit punkt som SSR jobbar mykje med. Tek til vitande at det er ønske om fleire søppelbøtter utandørs, men meiner det er bra dekning på søppelbøtter ved turveggar. Med fleire søppelbøtter rundt om vert det meir opphoping av søppel når desse vert fulle. Vil difor ikkje ha for mange bøtter, då kapasitet på henting er eit omsyn som må takast med i vurderinga.
4	Statens vegvesen		Har ingen merknadar til saka.	Ok
5	Kystverket	Tiltaksplan mot plast	Kystverket er gjennom denne høyringa gjort vitande om Ulstein sine planar på marin forureining og klima, og dei syner gode intensjonar og gode tiltak. Marin «forureining» inneheld mange problemstillingar med fleire forskrifter og mynde involvert. Ulstein sin «Tiltaksplan mot plast- og marin forureining» omhandlar hovudsakeleg forureining og bør då kanskje heller nemnast som «Tiltaksplan mot plast- og marin forureining» for ikkje å vere misvisande. Kystverket finn elles ikkje særskilt å merke eller å tilføye til planane.	Blir tatt til følgje.

6	Fiskeridirektoratet	Tiltaksplan mot plast	<p>Etter vår vurdering er disse tiltakene/aktivitetene i tiltaksplanen mot plast- og marin forurensing 2019-2022 samlet sett et svært godt utgangspunkt i dette viktige arbeidet. Ønsker å fremheve og kommentere noen av disse. Nr. 3: Gir erfaringsvis god effekt, spesielt lokalt, og bidrar også til viktig bevisstgjøring av problemet med forsøpling generelt. Et meget godt tiltak som både bør styrkes og videreføres. Å benytte Skjærgårdstjenesten der en kan, vil kunne øke effektiviteten og den positive effekten av slike tiltak. Nr. 4: Svært viktig tiltak. Viktig å ha fokus på området, og skape en bevisstgjøring som kan medvirke til forbedring og endring, samt skape forståelse for hvilke konsekvenser marin forsøpling kan ha for miljøet og livet i havet. Gjennom informasjon og opplæring bidrar man til bevisstgjøring, som igjen vil kunne redusere forsøplingen i årene som kommer. Nr. 5: Dette ser vi på som et viktig tiltak. Antallet kunstgressbaner har økt kraftig i Norge de siste 15 årene, og på disse spres det hvert år flere tonn granulater i form av små gummibiter. Tydelige regler og krav, oppfølging, samt rutiner og tiltak/utstyr for å redusere spredning av gummigranulat er derfor viktig. Nr. 6 og nr. 7: Samfunnet må endre bruken av blant annet plast og andre «engangsartikler» som medfører forurensing og/eller er til skade for naturen. Der det finnes gode alternativer bør politikere gjøre sitt til at alternativene blir tatt i bruk. Det kan da for eksempel medføre at produkter med forurensende plast og engangsgriller begrenses og/eller forbys. Nr. 8: Vi vurderer dette som et godt og effektivt tiltak. Generelt er gode avfalls løsninger i alle havner i kommunene viktig, som spesielt de yrkesmessige/kommersielle fartøy benytter. Nr. 9: Dette vil være et godt tiltak. Avfallshåndtering generelt er den sentrale brikken i arbeidet mot marin forsøpling. Gode løsninger for innsamling og gjenvinning av avfall er en forutsetning for en god måloppnåelse på området. Å være bevisst på at også søppel fra ulike fritidsaktiviteter og fritidsbåter er en kilde til marin forsøpling er positivt, og slike tiltak på området vil medføre gevinst. Nr. 11: Tiltaket vil også gjelde sandfangkummer, renseanlegg, etc. og avfallet der. Generelt vil kartlegging av kilder til mikroplast og marin forsøpling være nødvendig for å få kunnskap om hvor det er mest effektivt å sette inn ressurser og tiltak for å forbedre forholdene. Det er formålstjenelig dersom arbeidet med tiltaksplanen bidrar til at det blir gjort et grundig arbeid med tanke på gjennomgang og beskrivelse av avfallssystemet og håndteringen av dette i kommunen, og også av kommunens hovedplan for avløp. Generelt bør en hovedplan for avløp blant annet inneha en god tilstands- og situasjonsbeskrivelse av resipienter og avløpsanlegg med miljømål, overordnede målsettinger, og prioritering av tiltak i handlingsplan. Andre aktuelle tiltak mot marin forsøpling kan være å identifisere historiske og eventuelt ulovlige deponi eller søppelfyllinger ved sjø eller vassdrag. Spesielt der slike kan være utsatt for erosjon. Fokus på kommunens hovedplan for avløp for på best mulig måte kunne forhindre at avfall inkludert mikroplast slippes ut sammen med avløpsvann og overvann til det marine miljøet vil også kunne være et bidrag. Likeså kan lokalt baserte tiltak som for eksempel kampanjer som «adopter en strand eller et fjærområde» gi god lokal effekt. Ved at frivillige grupper får særlig ansvar og en form for «eierinteresser» for en strand eller et fjære-/kystområde vil man kunne oppnå flere positive gevinster utover ansvaret for å holde områdene rene og i god stand. Kommunene kan også informere om Miljødirektoratets tilskuddsordning til tiltak mot marin forsøpling, og etablere lokale støtteordninger for gjennomføring av mindre ryddeprosjekt rettet mot lag og organisasjoner.</p>	Tek innspillet til vitande.
7	Mathias Tafjord	Tiltaksplan mot plast	<p>Ulstein kommune bør få ein portal for å melde i frå om kvar det er mykje plast i naturen eller innsamla plast. For eksempel eit skjema som kan fyllast ut med informasjon ang. kvar avfall er, når det ev. blei samla og eit anslag for kor mykje det er. Dette vil gjere det lettare for folk flest å ta kontakt og melde frå om avfall, samt for kommunen å karlegge kvar det er behov for ein ryddeaksjon eller liknande. Langs turstiar bør det også vere moglegheit for å kaste frå seg større mengder søppel og ev. få plastposar til å plukke søppel. Ofte er det store mengder og tunge ting som ikkje går i vanlege søppelposar, og dermed trengst container eller liknande.</p>	<p>Portal for innmelding ligg i punkt 2 i tiltaksplanen. Tek med oss vidare dei andre innspela om korleis denne kan utformast. Tek til vitande at det er ønskje om fleire søppelbøtter utandørs, men meiner det er bra dekning på søppelbøtter ved turveggar. Med fleire søppelbøtter rundt om vert det meir opphoping av søppel når desse vert fulle. Vil difor ikkje ha for mange bøtter, då kapasitet på henting er eit omsyn som må takast med i vurderinga. Bruk av container fører til at det vert kasta søppel i den som eigentleg skulle vore levert til SSR.</p>

8	Ulstein fjernvarme	Klimaplanen	<p>Klima- og energiplan som opphavelg er frå planperioden 2011-2014 har ikkje vorte revidert. Ulstein fjernvarme meiner ein burde gå lengre i å få revidert heile planen slik den var meir oppdatert og i tråd med dagens situasjon og samfunn. Det er sjølvsagt flott at ein får på plass ny og revidert handlingsdel for perioden 2019-2022, men vi skulle ynskje sterkare ambisjonar og klarare planverk. Rett nok gjeld den planen ein har, men her er heilt klart nye moment og fokusområde som har kome til sidan 2011. Vi håper det vert teke tak i meir fullstendig revisjon etter kvart. Dei har foreslått ti nye tiltak som innarbeidast i plan. I tillegg føreslår dei at "Landbruk" vert utvida til å heite "Landbruk og marin", samt at det vert tilført nytt overordna punkt "Administrasjon". Dei ti tiltaka er: Stasjonær energi punkt 1. Ved sal av kommunale tomtefelt skal det setjast krav om: 1. Tilknytning til Ulstein fjernvarme der det er naturleg med tanke på plassering i nærleik av fjernvarmenettet eller framtidig utbyggingsområde for fjernvarme. 2. All energi til tappevatn og tomoppvarming skal vere energifleksibel (vassboren) og produserast med høg fornybar faktor. 3. Varmepumpe skal ha kuldemedie med låg GWP-faktor, maks 750 eller under. 4. Der det er naudsynt eller leggast til rette med kjøling, og utbygginga er i nærleiken av fjernvarmenettet skal det leggast opp til fri-kjøling frå fjernvarmenettet. Stasjonær energi punkt 2. Regjeringen har i "GRANAVOLDENPLATTFORMEN" gitt sterke signal om at det vil innførast forbod mot bruk av mineralolje til bruk av byggtørk og byggvarme på byggeplassar frå 2022. Kommunen ynskjer at det unngås bruk av fossile energikilder ved byggeplassar i kommunen. Både til byggtørk, byggvarme og anleggsmaskiner. Stasjonær energi - internt i kommuneorganisasjonen punkt 1. Ved innkjøp av varmepumper skal det veljast varmepumpe med kuldemedie som har låg GWP-faktor, maks 750 eller under. Punkt 2. Ved nybygging skal det: 1. Gjennomførast intern vurdering av klima- og energikrav som kan stillast ved utbygginga. 3. Sette krav til utleppsfri byggtørking og byggvarme i byggeperioden. 3. Der det er naturleg å knyte seg til Ulstein fjernvarme skal dette prioriterast, og Ulstein fjernvarme skal takast med på råd/dialog i tidleg fase. 4. Der det er naudsynt med kjøling og utbygginga er i nærleiken av fjernvarmenettet skal det leggast opp til fri-kjøling frå fjernvarmenettet. Punkt 3. Utarbeide retningslinjer med omsyn til klima- og energi. Dette vere seg materialbruk, klimavenlege byggeplassar, oppvarminsmetodar, val av lyskjelder med meir. Ref. "Granavoldenplattformen". Punkt 4. Ulsteinvik barneskule konverterast frå rein elektrisk oppvarming til vassboren energifleksibel fornybar. Transport punkt 1. Etablere bilhotell med el.bil. Alle tilsette i kommunen og kommunalt eigde selskap skal kunne nytte bilen. Punkt 2. Vurdere løpande søknadar til klimatiltak - klimasats. Landbruk og marin punkt 1. Vurdere moglegheiter til tilskot frå Miljødir. om opprydding i strandsoner. Må fylgje med løpande nye moglegheiter. Punkt 2. Vurdere moglegheiter via Hold Norge Rent. Moglegheiter for tilskot til inndekning av utgifter. Administrasjon punkt 1. Det skal opprettast Klima- og miljøforum for å halde fokus på emnet og skape tverrfagleg forståing og kunnskap internt og på tvers av kommuneorg. Forumet skal i starten bestå av: Kommunal miljørådgjevar, UEKF, Ulstein fjernvarme, SSR. Punkt 2. Løpande vurdering av klimasøknadar-klimasats.</p>	<p>Stasjonær energi I: Punkt nr. 1.1 er tatt inn. Punkt 1.2 og 1.3 blir for detaljert i forhold til ein kommunal overordna plan. Pkt. 1.4 er tatt inn. Pkt. 2 har avgrensa effekt. Nasjonalt forbod er på trappene, så ein ser det ikkje som naudsynt å ta med. Stasjonær energi II: Utbygging av kommunale bygg – Punkta under stasjonær energi vil også gjelde for kommunale bygg. Pkt. om Ulsteinvik barneskule – vil bli tilrettelagt for fjernvarme på nyedelen. Vil også kunne vurdere eksisterande, men det er kostbart. Ikkje naudsynt som punkt i klimaplanen, då det er eit enkeltprosjekt. Tilskot bør søkjast om. Punkt om transport: Bilhotell med El-bil er tatt inn. Klima- og miljøforum er tatt inn.</p>
9	Møre og Romsdal fylkeskommune	Tiltaksplan mot plast	<p>Meiner det ville ha vore ein fordel om kommunen reviderte tekstdelen av planen samtidig med dette arbeidet. Dei har følgjande innspel til handlingsdelen: 1. Kommunen bør legge opp til at informasjonen dei får meldt inn vert rapportert i ryddeportalen til Hold Norge Rent jf. pkt. 2. 2. Kommunen bør jobbe med å få ei oversikt over lokale initiativ i kommunen og koordinere desse. Det er også viktig at kommunen samarbeider med t.d. Fylkesmannen og Kystverket, som er tildelt ei rolle frå staten når det kjem til marint avfall. Sunnmøre friluftsråd/Skjærgårdstjenesten er også ein viktig samarbeidspartnar for kommunen. 3. Kommunen bør ha ein tanke om korleis handtere søppel på rasteplassar knytt til kommunal veg, jf. pkt. 9. I denne samanheng bør kommunen også legge planar for tømmefrekvens og utforming på søppelbøttene. 4. Kommunen kan vurdere eit forbod mot sal av heliumsballongar på kommunal grunn. 5. Kommunen bør identifisere moglegheiter for å inkludere reglar for handtering av avfall ved utsending av kommunale løyve/tilsegn. 6. Kommunen bør indentifisere moglegheiter for å sette reglar og forskrifter for kommunale anskaffingar som reduserer avfallsmengda ved t.d. bygging/vedlikehald av kommunal eigedom. 7. Kommunen bør ha planar for handtering av avløps- og overflatevatn som hindrar at avfall fer på sjøen. 8. kommunen bør ha planar for korleis handtere ulovleg dumping av avfall, og korleis innbyggerane kan varsle om dette på ein enkel måte. 9. Kommunen kan vurdere ein temadag om avfall og avfallshandtering i barnehage/skule ein gong i året. Generelt ser vi også at det er fokus mot å forby eingongsbestikk i plast, utan at dei skriv noko om kva dei er tenkt å erstatte dette med. Her er det viktig at dei ikkje endar opp mer noko som vil ha større miljøavtrykk enn plastbestikket.</p>	<p>Pkt. 1 - Tek til vitande om innmelding til Hold Norge rent. Det er aktuelt når det vert gjennomført organiserte ryddeaksjonar. Pkt. 2 - Har tatt inn i planen i forhold til å organisere krinsvise ryddeaksjonar. Innspel om samarbeid vert tatt med vidare då kommunen ønskjer dette, men ser det ikkje som naudsynt å ta det inn i planen. Kommunen har ikkje rasteplassar langs kommunal veg, men vi noterer oss ynskjet i fall det blir etablert. UK har allereie forbod mot sal av heliumsballongar på kommunal grunn. Punkt 5 - Tatt inn i pkt. 7 i planen. Pkt. 7 - Kommunen har nyleg rullert hovudplan for avløp. Lite fokus på forsøpling i den planen. Pkt. 8 - Ligg i punkt 2 i planen. Pkt. 9 - Er vidareformidla til oppvekstsjef som vil vurdere moglegheitene. Tek inn spesifisering av punkt 7 i forhold til at plastbestikk ikkje vert erstatta med noko som gir større miljøavtrykk.</p>
10	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Klimaplanen	<p>Dei meiner kommunen skulle ha revidert heile planen og ikkje berre handlingsdelen. Det er kome nye statlege planretningslinjer. Eigen rettleiar for klimatilpassing kjem i løpet av 2019. Del I 2 Påverke og legge til rette for energi- og miljøvenleg nybygging: Skal ein lykkast med å få miljøvennlege nybygg må ein utvide fokus til ikkje berre å gjelde energieffektivisering. Då må ein også ha ei mål om å bruke miljøvennlege byggematerial. Det bør vere eit mål at bygg som kommunen investerer i, skal vere miljøvennlege. Det er fullt mogleg å redusere klimagassutslepp frå bygg med 50 % samanlikna med kva som ser krav om gjennom TEK10 og TEK17. Dette bør vere ein ambisjon. I eksisterande handlingsplan var det også eit mål å støtte opp om grønne næringar. Dette bør vidareførast. Det offentlege har ein særleg rolle som innkjøpar, og kan med sin etterspurnad og forvaltning av felles ressursar vere ein pådrivar til å skape grønne næringar, blant anna gjennom innovative offentlege innkjøp. Del III Avfall og forbruk: I den ekisterande handlingsplanen var det eit punkt 4. om Miljøkrav i anbods- og innkjøpsprosessar. Dette er eit viktig krav som no er gitt låg prioritet. Vi meiner dette bør prioriterast høgare og vidareførast til den nye handlingsplanen for kommunen.</p>	<p>Offentleg innkjøp vert godt i varetatt gjennom eksisterande avtale. Tek inn under kategori II, punkt 1 om miljøvennlege bygg.</p>
11	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Tiltaksplan mot plast	<p>Det er svært positivt at Ulstein kommune lagar ein tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling. Som koordinator for det regionale samarbeidet ønsker vi eit samarbeid med kommunen på området. Tiltak nr. 8 handlar om å hindre mikroplast frå verft og småbåthamner. Kommunen har eit ansvar for å lage oversikt over hamner i eigen kommune og utarbeide felles avfallsplan for småbåthamner. Tiltak nr. 7 i plana går på at kommunen ikkje skal kjøpe eingongsbestikk. Kommunen kan vurdere om dette også bør gjelde andre eingongsartiklar enn berre bestikk, og om det skal vere noko skildnad på artiklar i plast og eingongsartiklar i anna materiale. Tiltak som ikkje er tatt inn i planen, men som bør vurderast er område etter forureiningslova der kommunen er mynde. Det er fleire områder kommunen kan gjere mykje ved å sette inn ekstra innsats og ressursar innan eige ansvarsområde. Dette gjeld mellom anna arbeid med kloakkutslepp og forsøpling. Tiltak som å revidere hovudplan for avløp og lage eigen plan for opprydding i forsøpling kan gje gode resultat for å hindre marin forsøpling.</p>	<p>Vi er positive til eit samarbeid. Tek inn i punkt 8 om å etablere avfallsplaner for hamner. Punkt 7 - formuleringa er endra. Hovudplan for avløp blei rullert i 2018. Ønskjer å halde tiltaksplanen kort og konsis. Tek difor ikkje inn at vi skal lage fleire planar. Dette kan heller vurderast i arbeidet med kommunens planstrategi.</p>